

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG LAURDAG 24. APRIL 2010

Stad: Revsnes Hotell, Byglandsfjord, kl.11.00-14.45.

Til stades: 43 frammøtte, inkludert føredragshaldar, styre og valnemndrepresentantar.

Innleiing: Styreleiar Beint Foss ynskte velkomen.

Kjell Olav Masdalen var ein provoserande føredragshaldar som innbaud til dialog og samtale til det alltid engasjerande temaet "Okkupasjonstid". Klokka 12.30 var det middag, og 13.15 var det musikalsk innslag ved Dag Ellefsen og Finn Bendiksen. Så tok årsmøtet til kl. 13.40.

Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Kristian Sundtoft vart vald til møteleiar.

Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjend, etter at det vart opplyst at sak 6 (vedtekter) gjekk ut (stod att frå fjorårets sakliste).

Sak 3 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Ellinor Lundberg (Arendal Historielag) og Sigbjørn Sandsmark (Flekkfjord historielag) vart valde til å skrive under protokollen.

Sak 4 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Skrivaren las opp årsmeldinga. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

Sak 5 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Ragnhild Skarsten Larsen la fram rekneskapen, som viste 165.430 kroner i overskot i 2009. Rekneskapen var revidert og funne i orden, jamfør revisjonsmeldinga som var lagt fram under møtet. Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

Sak 6 INNKOMNE SAKER

Det var ingen innkomne saker bortsett frå dette frå styret:

Jfr. vedtaket på landsmøtet i LLH, er det på trappene ein ny medlemsmodell. Det ser førebels ut til å vere tre moglege vegar her:

1. Ha medlemskapen nett slik han er no – altså ikkje gjere nokon endringar i det heile teke.
2. Ein enkel overgang til å berre vere paraplyorganisasjon, dvs. at noverande direktemedlemer går over til å vere årbokabonnentar, medan heile historielag kan vere tilslutta AH som medlem.
3. Ein gjennomgåande medlemskap for dei som ynskjer å vere medlemer – og der EGDE går ut til alle medlemene i lokallaga. Dei som vil ha årboka til AH, lyt teikne eit eige årbokabonnement i tillegg.

Ein føresetnad før ein kan vedta evt. endringar i medlemskapen, er å vite kostnadene, slik at ei av oppgåvene til styret ville vere å finne ut av dette innan årsmøtet 2011.

Styret ynskjer å utarbeide fleire detaljar for kvar modell før endeleg standpunkt vert teke i saka, men meiner ei klårare tilknytning til historielaget i fylket og på landsbasis er naudsynt viss organisasjonen skal vidareutvikle seg.

Styret si tilråding til årsmøtet vart teke til vitande:

"Årsmøtet gjer ingen vedtak om endring av medlemsmodellen i år, men styret jobbar vidare med medlemsmodellane, utarbeidar eit høyringsutkast og set i gang ein informasjonsprosess i lokallaga i løpet av 2010".

Sak 7 BUDSJETT

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for det framlagde budsjettet som Ragnhild la fram.

Sak 8 VAL

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Kjell Ove Sætren (Mandal), Bernt Gautestad (Evje) og Per T. Knudsen (Kr.sand). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Straks før årsmøtet var heva, takka leiaren for tilliten og delte ut blomar til avtroppande styremedlemer Ellen Ledaal Gjertsen, Olaf Ingebretsen, Anders Auen Grimnes og dvd'en med Sturla Ertzeid til den som gjekk ut av valnemnda i år; Per T. Knudsen.

Styret i Agder Historielag:

<p>AUST-AGDER</p> <p>Styremedlem Nyvald for 2 år</p> <p>Varamedlem Nyvald for 2 år</p>	<p>DIREKTE MEDL.</p> <p>Kristian Sundtoft V.Moland+Lill.historielag</p> <p>Anders Auen Grimnes V.Moland+Lill.historielag</p>	<p>VEST-AGDER</p> <p>Styremedlem Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Varamedlem Ikkje på val, 1 år att</p>	<p>DIREKTE MEDL.</p> <p>Beint Foss Tveit Historielag</p> <p>Helge Wiig Holum Historielag</p>
<p>AUST-AGDER</p> <p>Styremedlem Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Varamedlem Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Styremedlem Nyvald for 2 år</p> <p>Varamedlem Attvald for 2 år</p> <p>Styremedlem Ikkje på val, 1 år att</p> <p>Varamedlem Ikkje på val, 1 år att</p>	<p>LOKALLAGSMEDL.</p> <p>Hallvard Tveit Valle Sogelag</p> <p>Birgit Attestog Valle Sogelag</p> <p>Gunnar Torsteinsen Tromøy Historielag</p> <p>Sveinung Lien Tvedestrand Historielag</p> <p>Eilert Skjævestad Tromøy Historielag</p> <p>Jan A. Ommundsen Tromøy Historielag</p>	<p>VEST-AGDER</p> <p>Styremedlem Attvald for 2 år</p> <p>Varamedlem Nyvald for 2 år</p> <p>Styremedlem Attvald for 2 år</p> <p>Varamedlem Attvald for 2 år</p> <p>Styremedlem Nyvald for 2 år</p> <p>Varamedlem Attvald for 2 år</p>	<p>LOKALLAGSMEDL.</p> <p>Inge Augland Torrivald Historielag</p> <p>Bjug Åkre direktemedlem</p> <p>Ragnhild S. Larsen Flekkefjord Historielag</p> <p>Kari Bruili Kvinesdal Historieag</p> <p>Liv Kirsten Rølland Tveit Historielag</p> <p>Gerd Lillian Olsen Søgne Historielag</p>

Leiar: Beint Foss frå Tveit, attvald for 1 år

Nestleiar: Eilert Skjævestad frå Tromøy nyvald for 1 år

Revisjon/ettersyn av rekneskap: Fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Valnemnda: Bernt Gautestad (ikkje på val, 1 år att), Ellinor Lundberg (attval for 2 år), Kari Mestad (Torrivald, nyval for 2 år), Kjell Ove Sætren (nyval 2 år)

Utsending til årsmøtet i Landslaget treng me ikkje i år, då det er 2. kvart år (2009, 2011)

Protokoll signert Sigbjørn Sandsmark og Ellinor Lundberg

Referent: Borghild Løver